



STATENS VEGVESEN  
Statens vegvesen  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Dato: 01.03.2017  
Vår ref.: 2014/15115-84  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

Att. Atle Jenssen

## **Varsel om arkeologisk registrering - seismiske undersøkingar på Røtinga i samband med E39 Stord-Os - Os kommune**

Viser til e-post datert 20.02.2017 angående seismiske undersøkingar på Røtinga i Os kommune i samband med E39 Stord-Os. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i tiltaksområdet. Den 24.02.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring på staden. Området si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensial for funn frå steinalder. Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Arbeidsomfanget er rekna til tre dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skrivning av rapport. Registreringa vil verte utført ved graving av prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend, vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturert for medgått tid.

Erlend Hofstad  
fung. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering – Røtinga – Os kommune